



**Uskedal Båtlag har hatt eit uavklart tilhøve med kommunen når det gjeld bygging av området i båthamna (biletet), men no går det mot ei avklaring.**

**Det manglar berre ei underskrift frå ordføraren før det er avtala bygging for nye 25 år, opplyser leiar Rolf Myklebust til uskedalen.no**

Eigentleg gjekk byggingssavtala ut for rundt rekna 10 år sidan, men ho vart av ymse grunnar ikkje forlenga.

Difor er båtlaget si leiing no svært glad for at ei ny kontrakt ligg på bordet og vil bli klarert i samband med årsmøtet i februar.

Også sal har vore drøfta som eit alternativ, men er forkasta.

(Foto: Ola Matti Mathisen)